

HALLVARD TJELMELAND

Aviser som produsent og produkt av fellesskap – eksemplet Nord-Norge

Det er ein sterk tradisjon for å sjå arbeidarrørsla som ein følge av det moderne klassesamfunnet sin framvekst: Klasseidentiteten følger av klassestrukturen. Denne tenkinga om bakgrunnen for danning av arbeidarklassfellesskap, vart i etterkrigstida utfordra av historikarar som heller såg klassesdanninga som ein prosess, som noko som sprang ut av erfaringar arbeidarane gjorde – slik at identiteten meir var ein årsak til klassesdanning, enn ein verknad. Ei slik utvikling i perspektivet finn ein hos Edvard Bull d.y. når ein samanliknar boka hans «*Arbeiderklassen i norsk historie*» frå 1947 med det første bindet av Arbeiderbevegelsens historie frå midt på 1980-talet som han ga tittelen «*Arbeiderklassen blir til*». ¹ Eit slikt skilje mellom objektive og subjektive føresetnader for danning av kollektive identitetar finn ein også på andre felt, anten det dreier seg om kjønnsidentitet, nasjonal identitet eller andre territorielle identitetar. Eg vil ikkje gå inn i slike diskusjonar i denne artikkelen, bare lansera ein strategi for å studera fellesskapsdanning med utgangspunkt i massemedia si rolle – og då først og fremst avisene. ²

Avisene og fellesskapet

For at ei problemstilling som avisene si rolle i etablering av fellesskap skal vera meiningsfull, må utgangspunktet vera at slike fellesskap er noko som oppstår historisk; blir skapt. Det er lett å avvisa oppfatningar som ser fellesskap og identitet som noko som så å seia ligg nedfelt i dei gruppene fellesskapet omfattar. Samstundes har 1990-talets diskusjonar om identitetsskaping også demonstrert det problematiske i å lukka auga for at identitetar og fellesskap sjeldan oppstår historisk føresetnadsløst. ³ Med eit slikt utgangspunkt må ein då stilla spørsmålet opent om avisene speglar slike fellesskap eller om dei er aktive aktørar i å skapa dei. Val av eit slikt fokus heng saman med at avisene i det siste har blitt meir interessante for historikarane, ikkje bare som kjelder – slik dei alltid har vore, med referat frå kommunestyreforhandlingar eller intervju med viktige historiske aktørar. Heller ikkje bare som politiske aktørar eller som speil for haldningar, slik avisene også har vore brukt til. Like interessante er avisene som *skapar* av røyndom, ikkje ein passiv refleks. Historikaren Narve Fulsås har vist korleis eit feno-

men som ulukker på havet mot slutten av 1800-talet vart omdanna frå noko som hadde hendt, andre stader, til noko som hender nå og som vedrører heile nasjonen – basert på gjennomslag for aviser som massemedium og med telegrafan som teknologisk føresetnad. Det var den same type tap av menneskelev heile tida, men dei vart sett inn i ein ny samanheng – fiske var ikkje lenger bare rikdomsproduksjon, men også risiko- produksjon. Fenomenet «død på havet» vart endra gjennom dei endra måtane å rapportera om det på.⁴ Det er lett å sjå parallellar til dagens medierøyndom, når ein held seg til den betydninga avi-

skapa skulle kunna oppstå, og avisene speglar og formar gjerne ulike fellesskap på same tid – med innebygde spenningar. Den fellesskapsdanninga, identitetsskapinga, som avisene bidrar til vedrører både meiningsproduksjonen, oppkomst av avisene som offentlegheit og avisene som medieprodukt. Eg vil her ta utgangspunkt i mitt eige arbeid med bladet Nordlys si 100-års- historie, men samstundes trekka inn andre døme frå Nord-Norge elles undervegs. Tanken er å sjå landsdelen som eit case for studiet av pressa si rolle i skaping av ulike typar fellesskap.

Tabell 1: Nordnorske aviser 1850 – 2000

	1850	1880	1900	1920	1939	1950	1969	2000
Nordland	0	3	11	19	21	17	15	13
Troms	1	2	5	7	7	7	6	7
Finnmark	0	2	5	10	12	9	4	6
<i>Nord-Norge</i>	<i>1</i>	<i>7</i>	<i>21</i>	<i>36</i>	<i>40</i>	<i>33</i>	<i>25</i>	<i>26</i>
<i>Norge</i>	<i>41</i>		<i>184</i>			<i>209</i>	<i>187</i>	<i>151</i>

Kjelde: Norske aviser 1763-1969. Tal for Norge: Ottosen m.fl.: 55⁵. Aviskatalogen 2001, web-utgåve


sene har som kjelder: Nyhendereportasjar, som tar sikte på å avdekka konkrete forhold – til dømes indre strid i Arbeidarpartiet – påverkar i seg sjølv dei interne relasjonane i partiet. Mediedekninga både gjenskaper og skaper i ein og same operasjon – ikkje nødvendigvis bare i kommentarar og leiarartiklar, men like mykje i den journalistiske praksisen.

Fellesskap oppstår ikkje utan vidare - verken dei lokale, nasjonale, regionale, klassemessige eller etniske. Ein arbeidshypotese kan då vera: Avisene utgjør ein viktig føresetnad for at felles-

Framveksten av ein nordnorsk offentlegheit

Tabell 1 syner avvissituasjonen i nord i eit fugleperspektiv:

Midt på 1800-talet var det altså bare ei avis i Nord-Norge - *Tromsø Tidend* i Tromsø. Femti år seinare var det 21 aviser - 11 i Nordland, 5 i Troms og 5 i Finnmark. La oss stoppa opp litt alt her. Nord-Norge hadde då eit folketal på 260 000, det blir såleis 0.8 aviser per 10 000 innbyggjarar, det same som på landsbasis. Her var bare ei handfull byar, heile tre fjerdepartar var sysselsett i



Første nummer av Nordlys utkom fredag 10. januar 1902.

primærnæringer, mot mindre enn halvparten på landsbasis. Denne kombinasjonen av relativ stor utbreiing av aviser og etterslep i økonomisk omforming illustrerer eit allment poeng med nordnorsk modernisering, den kom tidlegare på det kulturelle og politiske området enn på det økonomiske. Talet på aviser steig til 36 i 1920 og auka ytterlegare til 40 tjuve år seinare, i ei krisetid som var hardare i Nord-Norge enn i nokon annan landsdel. I etterkrigsåra kom den same tilbakegangen som på landsbasis. I

1969 var talet på nordnorske aviser 25. Som elles i landet, stoppa nedgangen i dei etterfølgjande tretti år - på basis av statsstøtteordningar og nye lesevanar, slik at talet nå er 26 (151 på landsbasis).

Desse tala over aviser på ulike tidspunkt gir dessutan ikkje heile bildet, fordi dei ikkje fangar inn alle avisene som blir etablert og som forsvinn att etter nokre år. Tabell 2 gir eit inntrykk av det kraftige engasjementet for å skapa nye talerøyr og nye offentlege arenaer i nord:

	Før 1850	1850-79	1880-99	1900-19	1920-39	1945-69
Nordland	0	2	12	29	18	10
Troms	3	2	9	11	8	3
Finnmark	0	4	4	6	12	8
<i>Nord-Norge</i>	3	8	25	46	38	21

NORDLYS FREDAG DEN 21. MARS 1902.

„Social-Demokraten“

organ for Det norske arbeiderparti
 ukommer alle hverdage i stort 7-apaltet format og koster kr. 1.20
 pr. kvartal.

Vil du ha et udmærket nyhedsblad,
 Vil du følge med i arbeiderbevægelsen i ind- og udland
 ma du abonnere paa

„Social-Demokraten“,

der kan bestilles paa alle tegts postanstalter.

„Harstad Tidende“

ukommer 2 gange om ugen og er et af Tromsø amts
 mest indflyede blade.

Harstad Tidende er amtets fortrinligste avers
 fissionsblad.

Harstad Tidende er amtets billigste blad, kos-
 ter kun 3 kroner aaret. kr. 1.50 halvaret, 75
 ore fjerdingaaret.

Harstad Tidende er amtets eneste upolitiske
 blad.

Harstad Tidende bringer de første nyheder
 af interesse.

Abonner paa Harstad Tidende.

Averter i Harstad Tidende.

NORDLYS

REDIGERET AV DR. ALFRED ERIKSEN

Ukommer 2 ganger om uken.

Koster frit tilsendt 4 kr. aaret.

NORDLYS blir sendt billigere end alle Tromsøblad, men
 vil indlede meget mere læsning.

NORDLYS er et helt nt demokratisk blad. Vil ta sig av en-
 hver sak som er av betydning for den arbeidende klasse
 og paa alle omraader kjempe for underklassens ret.

NORDLYS vil hver side dag bringe greie utredninger av lokale
 og regionale spørsmål, som kan være til nytte for den
 almindelige mann.

NORDLYS bringer nyheter fra alle kanter. I korte, almen-
 fætlige stykker og greie tversninger vil bladet gi lesere
 besked om alt som er oppe i tiden.

Hver maaned vil NORDLYS bringe en ledsæven
 korrespondance fra Bladets faste korrespondent i Kristiania.
 Hvert nummer vil bringe en kort underholdende fortælling.

NORDLYS blir sendt et altsidigt og lettest blad med
 et rikt og interessant innhold.

Koster frit tilsendt 4 kr. aaret.

Bladet maas betales forut.

„Tromsø“

er Amtets største og billigste blad

„Tromsø“

er Amtets eneste Venstreblad.

„Tromsø“

koster Kr. 1.10 for Kvartalet.

Abonner paa nærmeste Postaalmeri eller send Kontingenten
 direkte til Bladets Ekspedition, Tromsø.

Frå annonsesidene i Nordlys 1902. Det var kamp om abonnentane, frå Social-Demokraten i Kristiania til konkurrerande aviser i fylket, Harstad Tidende og Tromsø.

Bare i dei to første tiåra på 1900-talet vart det etablert 46 nye aviser, sjølv om talet på aviser i drift bare steig med 16 frå 1900 til 1920. Vi kan elles merka oss at det vart etablert heile 38 nye aviser i Nord-Norge under depresjonane i mellomkrigstida.

Når ein diskuterer avisene si rolle i samfunnet, må ein heile tida ha i bakhovudet at dei blir forma av konkrete personar. I ei særleg viktig stilling står redaktøren. Betydninga av redaktøren, eller rettare den institusjonen redaktøren er berar av, har nyleg blitt løfta fram i Martin Eide si bok «Den redigerende makt». Forholdet mellom avis og redaktør var i ein lang periode så tett at avisa var redaktøren og omvendt. Det var ikkje noko særsyn for små provinsaviser. Einar Skavlan var på eit vis Dagbladet, slik Ola Thommessen var Verdens Gang. Men det er klart at denne relasjonen var endå tettare og viktigare i mindre aviser, og då blir redaktøren desto viktigare som aktør - ikkje bare ein som fyller ein rolle, ein representant for redaktørinstituttet, for å bruka Martin Eide sin terminologi. Ein person som *bladet Tromsø* sin redaktør frå oppstarten i 1898, Erling Steinbø med signaturen «Letvindten», kan ikkje reduserast til partiet Venstre sin forlengte arm sjølv om han fekk redaktørjobben på oppdrag frå Norges Venstreforening.⁷ Han var først av alt avismann, med sin eigen stil og temperament - som ikkje bare gjorde han til ein infam polemikar, men også ga han eit eige til- driv til å etablere si eiga, personlege avis, *Nord-Norge*, då han omsider vart sparka ut av *bladet Tromsø* i 1912.⁸ Loftposten var kystens talerøyr gjennom generasjonar, men det var også ein tum-



Alfred Eriksen (1864-1934), prest og arbeidarpartipolitikar frå Karlsøy som i 1902 grunnla avisa Nordlys.

lepass for familiedynastiet Paulsen gjennom nærare 100 år. Då blir avisdrift ein livsstil, slik det også må ha blitt det for Jaklin-familien i Nordlys som i nærare 80 samanhengande år har vore representert i den redaksjonelle leiinga, frå Ingvald Jaklin som var ansvarleg redaktør frå 1924 og fire tiår framover til sonen hans, Asbjørn, ved inngangen til det etterfølgjande århundret. Freder Frederiksen gjorde tidleg karriere i arbeidarpartiavisene *Folkeviljen*, *Nordlys* og *Nordlands Framtid*, men han hadde eit indre driv som gjorde at han etablerte *Fiskeribladet* i Harstad i 1946 og vart sitjande som redaktør i nærare 40 år - ved sida av verv som ordførar i Trondenes med meir. *Fiskeribladet* og *Freder* var synonyme omgrep. Men går vi frå dette individnivået, og ser på avisene

som organ for fellesskapsdanning, vil eit komplisert mønster danna seg i det nordnorske avislandskapet.

Avisene er altså meir enn sine redaktørar, dei er både talerøyr og arena. Den viktigaste grunnen til å presentera desse tala over utviklinga av nordnorsk presse er at dei reflekterer at det på eit tidleg tidspunkt, i dei siste par tiåra av det 19. hundreåret, vart etablert ein nordnorsk offentlegheit som kunne brukast i politisk kamp og i kulturell sjølvhevdning for denne nordlegaste av dei norske periferiar. Nord-Norge var liksom kva som helst slags region, eller nasjonen Norge, ikkje eit homogent område. Dei ulike avisene inngjekk i ulike fellesskap som gjekk ut over avisene sjølve, ja kanskje var avisene sin viktigaste funksjon å skapa slike fellesskap. Lokalsamfunna vart ikkje lokalsamfunn før innbyggjarane opplevde seg som del av eit fellesskap. Slike opplevde, forestilte fellesskap kunne vanskeleg oppstå og bli inderleggjorte utover grenda eller bedarlaga sine grenser før lokalavisa kom.⁹ Det var ikkje noko tilfelle at avisa Nordlys vart etablert før Troms Arbeidarparti i 1902. Avisa var grunnleggjande for etableringa av eit underklassefellesskap i ein landsdel utan ein moderne industriarbeidarklasse - slik konservative aviser og venstreavisene også knytte avisene opp mot nasjonale politiske fellesskap. Det er klart at jo hardare klassemotsetningane vart opplevd, jo svakare grunnlag var det for å utvikla regionale eller lokale fellesskap. Utviklinga av mottoa til avisa *Finnmarken*, den gongen i Vardø, er typisk for dette: Frå avisa vart starta i 1899 var det eit «fisker- og arbeiderorgan» som vart etablert i eit sterkfølt sagn «af et venstreor-

Nordlands Social-Demokrat

trykkes nu i

et større oplag end nogen av byens øvrige aviser.

Dets abonnenttal er i stadig stigende saavel i byen som i landdistrikterne.

Det har jevn utbredelse over hele Salten (Nordre og Søndre), samt Nordre- og Søndre Helgeland. I Fauske med Sulljelma, Sami Ssthalen og Helim har det en enestaaende utbredelse der stadig blir større.

Da det i Sulljelma, et sted med over 3000 indbyggere, læses saa al af hver maand, er det et særdeles fordelagtig abonnenttal for lotterier og den slags.

Byens foreningsskands opmerksomhet henledes paa

Nordlands Social-Demokrat

som det blad, der fremfører noget andet naar det jevne forbrukespublikum.
 Endover foreningsskand vil staa sig paa at avertere i det.
 Vore abonnenter bedes merke sig dem som averterer i bladet og forstaa sig paa sine indkjøb hos dem.

Nordlands Social-Demokrat vart etablert i gruvesamfunnet Sulitjelma som Saltens Fremtid i 1910. I 1922 endra avisa namn til Nordlands Framtid. Faksimilen er frå 1914.

gan for Østfinnmarken». I 1906 braut redaktør Sivert Magnus Gundersen med Venstre og støtta Arbeidarpartiet - utan at avisa vart eit partiorgan. Då vart mottoet Det kommunistiske manifest sin parole: «Arbeidere i alle lande! Foren eder!» Under den etterfølgjande redaktør Ingebrigt Nygaard vart mottoet for avisa ytterlegare skjerpa: Først med eit «Fiskere og arbeidere organiser dere» og så det revolusjonære «Til kamp brødre! Hvor vi end er - ute eller hjemme - vi er i fiendens land!»¹⁰ I eit slikt avis-motto «vi er i fiendens land» - var det ikkje rom for andre typar fellesskap enn klassefellesskapet.

Framveksten av arbeidaravisene i nord var svar på og viktige pådrivarar for ei sosialistisk rørsle i nord, ei rørsle som både omfatta ein raskt veksande in-

dustriarbeidarklasse og underklassane i klassepolariserte fiskarbondesamfunn.¹¹ Dette var bakgrunnen for aviser som *Nordlands Framtid*, opprinneleg etablert i gruvesamfunnet Sulitjelma som *Saltens Fremtid* i 1910 og seinare flytta til Bodø, *Fremover* i den nyetablerte industribyen Narvik i 1902 eller *Nordlys* på Karlsøy i Troms i 1902, men flytta til Tromsø like etter brakseieren ved stortingsvalet hausten 1903. Dei utfordra hegemoniet til borgarlege aviser som i utgangspunktet danna lokale offentlegheiter og lokale fellesskap, men på det borgarlege samfunnets grunn – slik det vart opplevd av dei som tok sikte på å splintra den lokale idyll ved å etablere motoffentlegheiter på klassefellesskaps grunn. Fremover siterte i 1906 den tyske sosialistleiaren Wilhelm Lieb-



Avisa Finnmarken var den eineste avisa som utkom i Finnmark dei første åra etter krigen. I dette huset i Vadsø blei avisa trykka i 1946.

knecht sine ord om at den arbeidar som heldt eit «kapitalistorgan» i staden for ei arbeidaravis, var ein forrædar mot sin klasse. Slik skulle ein hamra inn eit fellesskap i konfrontasjon mot dei fellesskap som venstreorganet *Narvik Tidende* og den konservative *Ofotens Tidende* vendte seg til og sprang ut av.¹² Men slike politiske, sosiale og lokale fellesskapsstrev frå avisene si side, var ikkje heilt einerådande. Alt på 1870-talet vart det gjort freistnader på å etablera aviser på eit etnisk grunnlag, i ei tid då dei to store minoritetane i nord – samane og kvenane – vart utsett for eit aukande fororskingspress frå storsamfunnet. I 1873-1875 kom den samiske avisa *Muitalægje* (Forteljaren) ut i Vadsø, og i 1877 den kvenske avisa *Ruijan Suomen-*

kielinen Lehti (Finnmarkens finskspråklege avis). På eit tidspunkt då det bare var to norskspråklege aviser i Finnmark, vart det altså etablert to minoritetsorgan – rett nok med kort levetid.¹³

Avisene skaper Nord-Norge

Freistnadene på å etablere etno-politiske rørsler vart etter kvart skvisa mellom dei fellesskap som var knytt til politiske og sosiale spenningar på den andre sida, og eit strev for å byggja breiare territorielle fellesskap på den andre. Frå 1910-talet skulle svært mange nordnorske aviser - på tvers av partipolitiske skiljeliner - markera ein annan type fellesskap, eit regionalt. Fleire aviser gjorde Nord-Norge-tilknytninga klar i un-



Frå redaksjonen i Rana Blad i slutten av 1940-åra.

dertittelen. Det gjaldt bladet *Tromsø* som frå 1915 hadde undertittelen «Dagblad for Nord-Norge», *Nordlys* med «Socialdemokratisk dagblad for Nord-Norge» (bare i 1920) og *Lofotposten* (Blad for Nord-Norge 1924-36, Hele Nord-Norges avis frå 1936) og *Haalogaland* med Nord-Norge som undertittel frå 1914. Eit interessant intermesso var nettopp Steinbø si avis *Nord-Norge* som kom ut i Tromsø i 1912. Den erklærte seg som «upolitisk» og skulle «hæve sig over den til alle tider splittende partipolitikk» og arbeida for «Nord-Norges særinteresser». I mellomkrigstida vart det også etablert ei avis med namnet *Nord-Norge* – i Narvik i perioden 1927-29 (Frisinnede Venstre). Det kom også organisasjonar både av politisk, faglig og næringsmessig art som artikulerte

regionale interesser - slik som Nord-Norges Fiskerforbund (1915), Nordnorsk Importkompani (1919), Nordnorsk presseforening (1920).¹⁴

Det må vera rett å seia at desse tidlege uttrykka for ei Nord-Norge-orientering, ein slags tidleg nordnorsk regionalisme, frå 1910-talet og framover var eit elitefenomen og lenge vart artikulert primært av aviser med eit borgarleg politisk utgangspunkt. For mange var også slike Nord-Norge-motto meir propagandistiske enn uttrykk for kva slags territorielt nedslagsfelt dei kunne venta seg, blant anna på grunn av kommunikasjonane - dette var før flya og vegutløysinga si tid. Ein kan også merka seg at dei avisene som hadde Nord-Norge i namnet, alle heldt til i Ofoten og i Troms. I Helgeland, altså den delen av



Dei nord-norske avisene tok etter krigen til orde for ein aktiv Nord-Norge-politikk. Biletet er frå gjenreisinga i Kirkenes.

landsdelen som grensar mot Trøndelag, vart det på 1930-talet endå til etablert ei avis med namnet Midt-Norge. Det er også påfallande at svært få av arbeidavisene i landsdelen fekk namn som tilsa at dei var nettopp det. Unnataket er *Helgeland Arbeiderblad* (Mosjøen, frå 1930) og NKP-avisene *Nordland Arbeiderblad* (Bodø 1931-36, Narvik 1931-58) og *Troms Arbeiderblad* (Tromsø 1933-34). Tre andre kommunistaviser i landsdelen, *Friheten* i Svolvær på 1920-talet, *Folkerøsten/Røsten* i Kirkenes (1928-1940) og *Troms fylkes kommunistblad* (Tromsø 1923/24) profilerte seg med namn som refererte til ideologi og politisk ståstad. At arbeidspartiavisene i mindre grad enn sørpå definerte

seg som arbeidspaviser i namnsettinga, kan dels ha samband med at nokre av dei vart etablert i forkant av partidaningane og dels ein refleks av at dei i større grad hadde nedslag i områda utanfor byane, i radikalisererte fiskarbondemiljø. Elles kan ein notera seg at mange arbeidspaviser profilerte seg som framtidsoverrettede, modernistiske i val av namn – slik som *Saltens Fremtid/Nordlands Framtid, Fremover* og NKP-avisa *Finnmark Fremtid* (Vardø, 1924-40).¹⁵ I dei klassepolariserte mellomkrigsåra kom det også eit par aviser som indikerte at dei sprang ut av eit sosialt fellesskap: *Nordlands Bondeblad* på Helgeland og *Nordnorges Bondeblad* på Finnsnes i Troms på 1930-talet.¹⁶



Ingvald Jaklin, (1896-1966), redaktør i Nordlys 1924-1966, ordfører i Tromsø 1946-1953 og stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet i tre periodar frå 1949-1961.

Det var eit unnatak frå regelen om at Nord-Norge-orienteringa ikkje kunne knyttast til avisenes reelle geografiske nedslagsfelt: *Lofotposten*, som med utgangspunkt i utgivarkommunen Svolvær på mange måtar vart «Hele Nord-Norges avis». På 1930-talet køyrte avisa ut artikkelseriar som «Nord-Norges reisning» og kraftfulle leiarartiklar, som den frå november 1938 med tittelen «Nord-Norges frigjøringskamp» der det heitte at: «Som forholdene hittil har utviklet sig har Nord-Norge faktisk gjennom sin produksjon og sitt næringsliv og den kapital dette har skapt i langt sterkere grad vært med på og utvikle Syd-Norge enn omvendt (...) Det er et

rikt land, men det skal bli ennu rikere når vi har vunnet vår rett, og når det øvrige land har fått den fulle forståelsen av at det vil lønne sig å utbygge Nord-Norge i et raskere tempo».¹⁷ Ved utgangen av 1930-talet var opplaget på vel 11 000, som då var det høgaste opplaget i Nord-Norge. *Lofotposten* heldt på sin posisjon som landsdelens største i dei første etterkrigsåra, med knapt 25 000 i 1947 - og med eit tillegg på 3-4000 tusen i lofotsesongen. Avisa klarte lenge å halda på si sterke stilling i landsdelen, med abonnentar langs heile kysten frå Trøndelag og nordover og med godt utbygd nett av lokalkontor og korrespondentar. Det dreidde seg om ei avis som ikkje skapte identitet knytt til politikk, men til næringsutøving – eit kystfelleskap, som strakte seg utover landsdelens grenser. Men *Lofotposten* hadde sett si beste tid. Midt på 1960-talet vart avisa passert av *Nordlys* som største avis i landsdelen, og seinare har den blitt redusert til ei lokalavis i Lofoten. Då var det andre krefter som dreiv fram nordnorsk regional mobilisering.

Nordlys akslar rolla som regionbyggjar¹⁸

Frå utgangen av andre verdskrig overtar *Nordlys* som det viktigaste talerøyet for regionale interesser, som formidlar mellom nasjonalt og regionalt moderniseringsstrev. Bakgrunnen låg både på det politiske og ideologiske nivået. Arbeidarpartiet var blitt statsberande, ambisjonane om sosialisme vart erstatta av moderniseringsideologi – og i ein slik samanheng vart Nord-Norge sentral, med dobbel bakgrunn som veljarbastion og som tilbakeliggjande i økonomisk

modernisering, slik sosialøkonomane målte det. Redaktør Ingvald Jaklin - som i ein periode hadde tre hattar i sitt stativ, redaktørhatten, ordførarhatten og stortingsrepresentanthatten - gjorde avisa si til ein moderniserings- og regionaliseringsagent. Ikkje bare på leiarplass, ved ein serie leiarar som tok til orde for ein aktiv Nord-Norge-politikk frå dei første etterkrigsår, men også på reportasjeplass med entusiastiske oppslag om framsteg i landsdelen, med ein understraum av modernitetsspatos og landsdelspatriotisme. Kombinasjonen av eit gjennomslag sentralt for at moderniseringspolitikken også måtte ha ein geografisk dimensjon - med sikte på å fjerne ubalanse, og press nordfrå - ikkje minst arbeidarpressa - gjorde at Nord-Norge våren 1951 vart blinka ut som eit eige politikkområde, gjennom Nord-Norge-planen. Nord-Norge-planen vart mottatt med stor entusiasme i *Nordlys*. «Nord-Norge-planen noe helt nytt i vår historie. Et tiltak som bør virke inspirerende», heitte det i et førstesideoppslag 22. september, og på leiarplass same dag heitte det at planen «har skapt det rene sommervær over hele landsdelen - tross nordvesten og kulingen som truer». Gjennom heile 1950- og 1960-tallet var *Nordlys* ein kraftig forsvarar av eit målretta, planstyrt arbeid for modernisering av landsdelen. *Nordlys* kunne vera tung på labben når Arbeidarpartiet sin Nord-Norge-politikk møtte motstand frå borgarleg hald, som i ein leiarartikkel i mars 1959 der nordnorske høgarevisers syn på spørsmålet om omplassering av Arbeidsløysetrygda sine middel vart omtalt under overskrifta «Forrederi mot Nord-Norg». *Nordlys* ville ha tiltak

som stimulerte til modernisering og ei sjølvdriven utvikling, ikkje understøtting og almisser: «Det er ikke statsapparatet som skal bygge opp landsdelen vår. Det er vi selv.» heitte det til dømes på leiarplass i juli 1945. Og i eit førstesideoppslag i februar 1952 vart avisas redaktør, denne gongen i rollen som stortingsmann, under debatten i Stortinget om Nord-Norge-planen, sitert i overskrifta på at «Nord-Norgeplanen har stilt alle andre spørsmål helt i skyggen her nord. Vi ønsker ikke å leve på statstilskott». Parolen var altså hjelp til sjølvhjelp.

Nordlys sine kampanjar for nordnorske interesser avgrensa seg ikkje til økonomi. «Vi skal gjenreise og nyreise landsdelen vår økonomisk. Men det er ikke nok», heitte det i ein leiarartikkel 27. februar 1946: «Vi skal også kulturelt søke å gjøre Nord-Norge til en landsdel som står helt på høyde med de andre landsdelene» - og det viktigaste var då kravet om eit eige nordnorsk universitet. Dette kravet heldt avisa fast ved heilt fram til Stortinget i mars 1968 gjorde vedtak om at landets fjerde universitet skulle komme i Tromsø - ei hending som vart slått opp over hele førstesida. Det var viktig for *Nordlys* at Nord-Norge også fekk del i den kulturelle utbygginga. Under overskrifta «et rikt liv» gjekk leiarskribenten i desember 1949 til felts mot dei som meinte at arbeidarrørsla bare kjempa for materielle interesser. Tvert om, «det er arbeiderbevegelsen som har skapt både grunnlaget for den brede kulturinteressen som gir seg så talende utslag i dag, og som også i betydelig grad har vakt selve interessen». «Hele folket er på marsj mot et rikere liv på alle områder»,



Ølhallen i Tromsø var ein stad der ei samansett gruppe frå fiskar- og fangstmiljøet møttes. Biletet er frå 1957.

heitte det kraftfullt helt til slutt i denne leiarartikkelen som for første gong tok til orde for å reise eit nordnorsk teater i Tromsø. Dette var ei særleg viktig sak for forfattaren Lars Berg, og *Nordlys* støtta i alle år etterpå opp om hans kongstanke om eit «Hålogaland Teater» - som fekk permanent drift i 1971.

Det var klart at dette også hadde ei partipolitisk side; den nordnorske patriotismen kunne vera god å spela på i

ei tid der Arbeidarpartiet hadde regjeringsmakta. Men det var også omvendt: Arbeidarpartiet kunne vera god å spela på når det skulle kjempast for nordnorske interesser. Når det vart ei hovudsak for *Nordlys* heilt frå den første tida etter krigen, etter at avisa var blitt kjøkkenorganet og hadde detronisert bladet *Tromsø* i utgivarkommunen, å bli størst i Nord-Norge – dvs. å karra seg forbi Lofotposten – så var det sjølvstakt sa-



Nordlys 100 år. Disponent Geir Johnsen (t.v.) og sjefredaktør Hans Kristian Amundsen i jubileumsåret 2002. Foto: Bjørn Sandness.

mansette årsaker til det. God avisøkonomi var det derimot ikkje. Avisa bygde seg ut i ytterkantane av sitt nedslagsfelt på ein måte som ikkje lot seg grunngi utfrå bedriftsøkonomi – med avdelingskontor i Alta, Harstad, Stokmarknes, Sortland, Skjervøy, Bardu, og Storslett. Strategane i *Nordlys* var svært merksame på faren for å forskreva seg, slik *Lofotposten* gjorde. Det var sjølvstilt gunstig ut frå partipolitiske grunnar å få ut partiavisa i område der arbeidarprensa hadde svak dekning – og det var sjølvstilt eit motiv i seg sjølv, slik som då *Nordlys* overtok *Andøya Avis* i 1979. Redaktør Reidar Nielsen gjorde det den gongen uttrykkeleg klart at dette ikkje var fornuftig på snevre *Nordlys*-premissar. Så gjekk heile aviseventyret då også over ende med dunder og brak. Minst like viktig, truleg viktigare, var rett og slett at nordlysstrategane ønska å vera

ei landsdelsavis – at dei hadde ein ambisjon om å vera regionbyggjande. Etter omsider å ha lagt *Lofotposten* bak seg i rivaliseringa om landsdelshegemoniet midt på 1960-talet, kunne *Nordlys* frå 1970 smykka seg med mottoet «Landsdelsavisa i nord».

Den nordnorske patriotismen og regionbygginga som *Nordlys* stod for under Jaklin og etterføljarane Jønsson og Nielsen baserte seg på at det lenge var samanfall mellom moderniseringsstrev ovanfrå og moderniseringsentusiasme nedanfrå. Både på Youngstorget, i dei lokale avisredaksjonane og i folk sin kvardag var det draumen om det moderne Norge som gjaldt, frå store ting som fly og høgare utdanning til meir lokale ting som vegutløysing og innlagt vatn. Ved inngangen til 1970-talet gjekk desse to rørsleane frå kvarandre – på den eine sida framhald av industri-



Ivan Kristoffersen, sjefredaktør i Nordlys 1982-1997. Foto: Ole Aasheim, Nordlys.

samfunnets moderniseringsmodell, på den andre sida oppkomst av ein regionalisme som knytte vonene og draumane til alternative samfunnsmodellar, gjerne i fortida – til dyrking av fiskarbonden og det førindustrielle Nord-Norge, eller til framheving av det kulturelle mangfaldet, det fleirkulturelle Nord-Norge. Avisene i landsdelen vart ståande på sida av sitt publikum, slik ein tydeleg såg det demonstrert i 1972 – som mest alle andre aviser i landsdelen. Mot slutten av 1980-talet kom ei nyorientering, med Ivan Kristoffersen som sjefredaktør. Midtvegs i hans periode som redaktør tok avisa steget frå å vera eit partiorgan til å bli eit nordleg utvikingspunkt, med eit nordområdeperspektiv på verda. Kristoffersen profiler-

te avisa og landsdelen så sterkt at han vart sjølve stemmen frå nord, den som artikulerte dei nordnorske interessene overfor maktapparata sørpå. Han vart heile landsdelens «Ivan». I «Nordlys' lille røde», eit strategidokument som sprang ut av dei interne diskusjonane og arbeidet med eit nytt aviskonsept på slutten av 1980-tallet, heitte det blant anna at avisa skulle bidra til å «skape en identitet for landsdelen og dens befolkning». Avisa vart nå «landsdelsavisa» i ei utvida tyding av ordet - eit talerøyr for nordnorsk regionalisme. Ein ny type fellesskap slo nå, eller tona ned tidlegare former for fellesskap og samhold knytt til den organserte arbeidarrørsla – ei utvikling som sjølvstøtt føya seg inn i den allmenne tendensen til avpartifisering av avisene. To saker hadde særleg sterk symbolsk tyngde: Kampen mot å bli ein del av det nye a-pressekonsernet i 1990 og avisas rolle i EU-kampen i 1994. Ivan sitt nei på leiarplass 15. november 1994 har med rette blitt samanlikna med fiskeriminister Knut Hoem sitt nei i 1972. Ivan sin mektigaste bastion var nå ikkje partiet, men avisa og opinionen nordpå.

Avisene som identitetsbyggjarar etter avpartifiseringa

Aviskonkurransen set skrankar for regionambisjonane. Som alle andre regionaviser blir ei avis som *Nordlys* stadig meir pressa av lokalaviser i ytterkanten av sitt nedslagsfelt og av Oslo-avisene, som på 1990-talet var like tidlege i dei sentrale områda av Troms som i dei sentrale områda av Austlandsområdet. Dessutan møtte *Nordlys* i stigande grad utover på 1990-talet knallhard konkur-

ranse i utgivarkommunen, Tromsø, som har ein tredjedel av folketallet i fylket, av nr. 2-avisa *Tromsø* som køyrer hardt på nyhende frå byen og på bygging av byidentitet, skaping av eit byfelleskap – gjerne med front mot omlandet. Gradvis har *Nordlys* satsa meir og meir på stoff som vedrører befolknings-tyngdepunktet og vekstmotoren Tromsø. Stoff frå Tromsø kommune utgjorde ein dobbelt så stor del av alt redaksjonelt stoff som lar seg plassera geografisk, i 2000 som i 1970 – og den auken kom særleg på 1990-tallet. I denne 30-årsperioden auka då også den delen av opplaget som gjekk til utgivarkommunen frå i underkant av 40 til i overkant av 50 prosent. På slutten av Jonny Hansen si tid som sjefredaktør i *Nordlys* (1997-2001) vart dette då også markert ved at mottoet «Landsdelsavisa i nord» stille og roleg forsvann frå forsida. Men dagens sjefredaktør, Hans Kristian Amundsen, markerte seg frå første dag som regionbyggjar – med ein serie kraftfulle leiarar som har mant til regionalt samhald og agitert for betydninga av at regionar mobiliserer sine ressursar og komparative fortrinn. Igjen lyser mottoet «Landsdelsavisa» mot lesarane, og i avisas handlingsplan heiter det at avisa skal vera «en hel regionavis» og «et talerør for sunne nordnorske aviser». Amundsen køyrte i 2002 og utover i 2003 nærast ein kampanjejournalistikk til fordel for å byggja Nord-Norge som region, til avløyning av dagens fylkeskommune - knytt til forsvar av tanken om fusjonen av dei to store hurtigruteselskapa, utbygging av Snøhvit, og ei kontinuerleg understreking av det store vekstpotensialet i utnytting av maritime ressursar.


Nå kan ein sjølvsagt velja å leita etter vikarierende motiv her, i god journalistisk ånd. Ein vil då oppdaga at prioriteringane av dei redaksjonelle ressursane ikkje heilt lever opp til dei regionale ambisjonane. Det er framleis ein sterk konsentrasjon om Tromsø og næraste omland. Ein kan jo bli freista til å stilla spørsmålet om det heller er snakk om merkevarebygging, om å finna ein eigen nisje i ein hardt prøva mediemarknad. Og nokre – kanskje særleg i Bodø-traktene – kan sjå *Nordlys* sine kampanjar for Nord-Norge-bygging og *Nordlys* som sjølv landsdelsavisa som del av eit Tromsø-komplott mot Bodø, som ein del av byrivaliseringa. Namnet på den nye Bodø-avisa, *Avisa Nordland* – etablert i februar 2002, samanhalde med andre sprekkdanningar i det regionale fellesskapet nordpå¹⁹ - borgar for Nordlands-bygging. Statsvitaren Bjørn K. Sagdahl ved Høgskolen i Bodø var i ein kronikk i *Nordlandsposten* i januar 2002 veldig klar, der han forsvarte eksistensen av Nordland som fylkeskommune mot tanken om å byggja ein nordnorsk region, som han meinte vil bli dominert av Tromsø. I denne samanhengen er det interessant at han sterkt understrekte media si rolle her – mangelen på ei fylkesavis i Nordland, i relieff til *Nordlys* si rolle som ei slags fylkesavis i Troms og NRK-fjernsynet med regionkontor i Tromsø. Tanken om Nord-Norge som region vil styrka *Nordlys* som avis og torpedera tanken om eit universitetet i Bodø, meinte han.²⁰ I den første leiarartikkelen i *Avisa Nordland* vart det sterkt poengtert at det er sterke forventningar til at avisa skal tala Nordland fylke sin sak, ei forventning avisa skal leva opp til – men

med to interessante reservasjonar, ei regionpolitisk og ei som vedrører avis-marknaden: Avisar går ikkje med på ein nordlandsk separatisme: «For taler vi dette fylkets sak, taler vi også hele landsdelens sak». I same leiar vart dei store vyene også brakt ned til aviskonkurransens realitetar: «Vi skal primært være byavis for Bodø og lokalavis for midtre Nordland».²¹

I tillegg til dette skismaet mellom Nordland og Troms som underminerte tanken om Nord-Norge som eit regionalt fellesskap, må ein også ha i minne at Nord-Norge som region dei siste par tiåra også har vore utfordra av framvekst av ein fellesskapstype som ikkje lar seg innpassa territorielt eller sosialt – dei samiske og kvenske revitaliseringsrørslene. Også desse kom til uttrykk i medieverda. Den lengstlevande og største samiske avisa er *Sagat*, som starta i 1957 og i 2002 hadde eit opplag på knapt 2500. På 1990-talet kom det også tre nye, mindre samiske aviser. Saman med etablering av ein eigen samisk redaksjon i NRK i Karasjok midt på 1970-tallet har denne samiske pressa tvillust vore med til å byggja opp om eit nytt samisk sjølvmedvit og ein samisk identitet, med dei indre spenningar som eit kvart fellesskap må leva med.²² Det er også sterke spirer til oppbygging av eit nytt kvensk fellesskap, som organisatorisk kom til uttrykk i Norske Kveners Forbund (stifta 1987) og artikulert i avisa *Ruijan Kaiku* (Tromsø, frå 1995). Det politiske gjennomslaget desse minoritetane har fått – samane som urfolk og med eiga folkevalt forsamling sidan 1989, og kvenane med status som nasjonal minoritet sidan 1999 – har gjort ei regionbygging i nord som ikkje byg-

ger inn fleirkulturalitet, til eit umogleg prosjekt.

Avisene skaper fellesskap, men ikkje på ein eintydig måte. Det kan i ei og same avis vera ei spenning mellom skaping av klasseidentitet og nasjonal identitet, mellom etnisk identitet og regional identitet, mellom skaping av eit atlantisk fellesskap (med front mot nasjonal og internasjonal kommunisme) på den eine sida og vektlegging av nasjonale og regionale interesser knytt til geopolitikk og politiske tradisjonar på den andre. I denne artikkelen har hovudvekta lege på avisene si rolle i bygging av regional identitet, i eit spenningsforhold til andre typar fellesskap som avisene også har vore med å byggja. Dette må sjølvsagt haldast opp med at også nordnorsk presse i stor grad var partistyrte, slik som norsk presse elles, fram mot den gradvise avpartifiseringa dei siste tiåra.²³ Partitilhøyringa innebar at avisene knytte an mot politiske fellesskap med nasjonal rekkevidde. Eit symbolsk uttrykk for avpartifisering i Nord-Norge var at nemninga «organ for Det norske Arbeiderparti» forsvann frå andresida i *Nordlys* i januar 1990, samstundes med overgangen til tabloid og ei stadig meir kritisk vinkling på Arbeidarpartiet sin politikk for å ikkje ivareta dei regionale og sosiale omsyna godt nok. I 1995 vart *Lofotposten*, den konservative rivalen til *Nordlys* om landsdelshegemoniet fram til midt på 1960-talet, overtatt av A-pressen – og dermed medlem i same avisfamilie som dei arbeidaravisene som avisa tidlegare stod i frontstilling mot. Eit anna, endå meir talande uttrykk for den same prosessen, er opprettinga av *Avisa Nordland* – som ein fugl fønix av oska etter ruinen av



Som den første avisa i Norge gjekk Rana Blad over til offset-rotasjon i 1965. Disponent Johan Ona i A-pressa står her for den offisielle opninga av den moderne pressa.

den intense aviskonkurransen mellom Høgre-avisa *Nordlansposten* og Arbeiderparti-avisa *Nordlands Framtid*.

Når ein diskuterer avisene si rolle som skaparar og produkt av fellesskap, må ein også ta høgde for avisene som medieprodukt – som heile tida måtte vinna og halda på lesarar for å overleva. Ein årsak til at norsk arbeidarpresse heldt stillinga betre enn i noko anna land, er nok at strategane i denne avisgruppa tidleg vart merksame på betydninga av å laga gode og lesverdige aviser – at avisene ikkje kunne overleva som

politiske forkynningsorgan aleine.²⁴ Eit interessant tidleg uttrykk for ei slik tenking er namnet på NKP si avis i Harstad i mellomkrigåra: *Dagens Nyheter* (1924-31). Då *Flodbølgen* vart etablert som «Vefsna's arbeiderorgan» i 1931, midt under storlockouten, heitte det i eigenreklamen i første nummer: «Arbeider! Abonner på ditt organ. Alltid nyeste nytt!» – med ein appell til klassefelleskap på den eine sida og ein garanti om god aviskvalitet på den andre.²⁵ Erling Hall-Hofsø, redaktør av arbeidarpartia-avisa *Folkeviljen* i Harstad frå 1947 til ho

gjekk inn i *Nordlys* i 1956, fortel at ein av spikrane i likkista var at avisa ikkje såg seg råd til å abbonera på teikneserien Fantomet, som så gjekk til konkurrenten og høgrevisa Harstad Tidende.²⁶ Dersom ein med Martin Eide gjer eit skilje mellom *populærstoff* - som omfattar stofftypar som feature, sport, krim osv, og *elite- eller tradisjonsorientert stoff* - som omfattar kommentarstoff, politikk, næringsliv, kunst, nyhende og generelt samfunnstoff, viser det seg at populærstoffet sin del av alt redaksjonelt stoff i ei avis som *Nordlys* auka frå ein sjettedel i 1950, vel ein fjerdedel i 1970 og i underkant av 40 prosent ved århundreskiftet.²⁷ Både lokalt og i Norsk Arbeiderpresse sentralt vart det lagt stor vekt på at avisene måtte fornya seg teknologisk for å hevda seg i kampen om lesarar og annonsørar. Det var difor ikkje noko tilfelle at arbeidspartia-avisa *Rana Blad* gjekk over til offsetrotasjon alt i 1965, som den første avisa i Norge og den andre i Skandinavia.²⁸

Den identitetsformande sida ved avisene er altså bare eit aspekt ved avisrøyndommen. Men i studiet av avisene si rolle i fellesskapsdanning, kan ein ikkje avgrensa seg til ytringar på leiar- og kommentarplass. Spenningar mellom ulike former for fellesskap er ikkje bare noko som kjem til uttrykk på leiar- og kommentarplass – det er også noko som må granskast ut frå den praktiske journalistikken. Her er mykje ugjørt, og det er å vona at det store prosjektet «Norsk pressehistorie» som nå er etablert og som skal munna ut i eit fleirebindsverk til 100-årsjubileet for Norsk Presseforbund i 2010, kan gi oss ny innsikt i den dobbeltrolla avisene har hatt som produsent og produkt av fellesskap.

Noter

- 1 Jf. H. Tjelmeland: Klasse og organisasjon. Nokre tankar om Edvard Bull sitt perspektiv på den tidlege norske arbeidarrørsla, i *Vardøger* 18 (1988).
- 2 Artikkelen er ein bearbeidd versjon av manus til eit foredrag på eit seminar i regi av Senter for journalistikk, Høgskolen i Bodø om nordnorsk pressehistorie i Bodø 18. september. Takk til deltakarar på fellesseminaret ved Institutt for historie, Universitetet i Tromsø, for kommentarar.
- 3 Dette er kjernen i dei ulike variantar av konfrontasjon mellom såkalla essensialisme og konstruktivisme, men eg vil ikkje gå nærare inn på dei teoretiske føresetnadene for ein slik debatt her.
- 4 Narve Fulsås: Kva er gale med det historiske kjeldeomgrepet? Ein kritikk av kjeldekritikken, *Historisk Tidsskrift* 2/2001: 236ff.
- 5 Rune Ottosen, Lars Arve Røssland og Helge Østbye: *Norsk pressehistorie*, Oslo 2002. Talet på aviser for 1875 er 87 og 1925 266.
- 6 Martin Eide: *Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie*, Kristiansand 2000.
- 7 Nils A. Ytreberg: *Tromsø bys historie*, bind 2, Tromsø 1962: 283f.
- 8 Pål Christense: Manus til *Nordlys* si 100-årshistorie, kapittel 4.
- 9 Omgrepet «forestilte fellesskap» fekk eit gjennomslag i litteraturen om identitetsskaping med Benedict Anderson: *Imagined Communities. Reflections on the Origin and Spread of Nationalism*, London 1983. Forestilt tyder ikkje her innbilt eller ikkje reelt, men meir at fellesskapet føreset ei mental skaping.
- 10 Randi Rønning Balsvik: *Vardø. Grensepost og fiskevær 1850-1950*, bind 2, Vardø 1989: 117.
- 11 Om særtrekka ved den norske arbeidarrørsla, sjå Einar Arne Drivenes og Hallvard Tjelmeland: Nordnorsk arbeiderbevegelse mellom region og nasjon, i Øyvind Thomassen og Jostein Lorås (red.): *Spenningenes land. Nord-Norge etter 1945*, Oslo 1997.

- 12 Steinar Aas: Byen, banen og bolaget, *Narviks historie, bind 1 1902-1950*, Narvik 2001: 141f.
- 13 Regnor Jernsletten: Samebevegelsen i Norge. Idé og strategi 1900-1940, *Senter for samiske studier: Skriftserie – nr. 6*, Tromsø 1998: 26, Teemu Ryymin: Kvene – en taus minoritet? Kvenske kulturelle mobiliseringsforsøk i Vadsø ca. 1880-1910, *Heimen 3/2002*: 152f.
- 14 Sjø til dømes Einar Niemi: North Norwegian Rising! Regionalism and Nation Building in the North, 1900-1940, Richard Holt, Hilde Lange and Ulrike Spring (eds.): *Internationalisation in the History of Northern Europe. Report of the Nordsaga '99 Conference University of Tromsø, 17-21-nov 1999*, Tromsø 2000, Einar Niemi: Nordnorske regionale strategier: Fortidsforestillinger og hjemkomstmyter, Trond Thuen (red.): *Fortidsforståelser, Norges Forskningsråd: Kulturstudier nr. 18*, Kristiansand 2001, og Hallvard Tjelmeland: *The Making of a subarctic Region: Northern Norway, 1900-2000*, <http://www.oslo2000.uio.no/english/index.htm>.
- 15 Nordland Arbeiderblad kom i siste halvdel av 1950-tallet med ei eiga Finnmarks-utgåve under namnet Finnmark Framtid, noko som understreker den rolla Nordland Arbeiderblad fekk som nærast ei landsdelsavis for NKP etter at dei andre NKP-avisene måtte gi opp, jf. Oddvar Svendsen: Storhetstid, brytningstid, framtidshåp, *Narviks historie bind 2 1950-2002*, Narvik 2002: 253, 644 – note 32.
- 16 Den siste heldt fram som Senjens Blad. Ellers var det ei arbeidaravis til, *Vesterålen Arbeiderblad*, men den eksisterte bare i 1961. Namn på aviser er henta frå Universitetsbiblioteket i Oslo: *Norske aviser 1763-1769*, bind 2, Oslo 1974.
- 17 Niemi 2000: 48, Hallvard Tjelmeland: Stat, ideologi og økonomi i Nord-Norge 1935-1995, i Øystein Thomassen og Jostein Lorås (red.): *Spenningenes land. Nord-Norge etter 1945*, Oslo: 188.
- 18 Det følgjande baserer seg på eige arbeid med Nordlys si historie.
- 19 Eit uttrykk for ei slik sprekkdannning på det symbolske planet var ein heftig medie-debatt i landsdelens aviser etter at fylkesordførar Jon Tørset i desember 2000 ville reservera omgrepet «nordlending» for innbyggjarane i Nordland, i staden for å vera eit omgrep for det å vera frå Nord-Norge. Ein historiefagleg kommentar til dette vart gitt i ein artikkel av Hallvard Tjelmeland og Einar Niemi i Nordlys 16.12.00.
- 20 *Nordlandsposten* 19.1.02.
- 21 *Avisa Nordland* 18.2.02.
- 22 Ottosen, Røssland og Østbye 2002: 180f.
- 23 Sjø diskusjonen om dette i Jens O. Simensen: *Meningsbærer eller meningsløs? Om avisenes samfunnsrolle*, Fredrikstad 1999.
- 24 Sjø til dømes Sigurd Høst: *Aviskonkurransen. Nye og gamle teorier belyst gjennom A-pressens utvikling*, Fredrikstad 1996: 147f, 155.
- 25 *Flodbølgen* 23.4.31.
- 26 Intervju med Erling Hall-Hofsø 18.1.00.
- 27 Martin Eide: Popularisering, modernisering, strukturering : en populæravis tar form: Verdens gang i forvandling 1945-81, *Rapport / Institutt for medievitenskap, Universitetet i Bergen ; nr 40*, Hallvard Tjelmeland: Manus til Nordlys si 100-årshistorie, kapittel 10 og 14.
- 28 Øyvind Hirsti: *Folkets røst i 90 år. Dunderlandsdølen/Helgelands Fremtid/Rana Blad 1902-92*, Mo i Rana 1992: 92.